



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 29.01.2019  
Vår ref.: 2019/805-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnegleie fråsegn - gnr 48 bnr 3 - Solend Søndre - Radøy kommune.

Me visar til Dykkar brev datert 25.10.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Me seier oss leie for seint svar i saka, då den var feilregistrert i vårt sakssystem. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med utvidinga av vegen. Me har difor ingen avgjerande merknadar i saka , utover at ein under opparbeiding av tiltaket søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelovens § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføringa av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingsmynde har vurdert funna. Slik granskning vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.